

Valprogram for Fjaler SV for 2023-2027

Fjaler Sosialistisk Venstreparti vil legge til rette for eit trygt og godt oppvekstmiljø, sikre gode helse- og omsorgstenester som førebygger vanskar, og jobbe for at alle i heile kommunen får ta del i lokalsamfunnet.

Velferd

Offentleg velferd skal utjamne sosiale og økonomiske skilnadar slik at alle kan delta i samfunnet på like premisser. Difor vil Fjaler SV

- fremje god fysisk og psykisk helse og sikre tidleg innsats hjå barn og unge gjennom tverrfagleg kompetanse og samarbeid
- auke grunnbemanning i helse- og oppvekstsektoren
- basere skulestrukturen på demokratiske prosessar, der fagleg og sosialt tilbod vert vektlag framfor økonomi
- arbeide for heildagstilbod med SFO på alle skular og i feriar
- at skular og barnehagar skal rustast opp slik at elevar og tilsette har eit trygt og godt miljø som legg til rette for trivsel, meistring og utvikling
- at alle borna i kommunen skal ha ein trygg skuleveg, at gåande og syklistar kan nytte vegane utan fare
- støtte opp om det gode arbeidet ved Dale vidaregåande skule og bidra til utvikling av kvalifiseringstilbod for vaksne

Bustad og lokalsamfunn

Føreseielege og gode buforhold er viktig for auka busetnad, å kunne delta aktivt i samfunnet og ivareta eiga helse. Difor vil Fjaler SV

- sikre tilrettelagde bustadar for ulike aldersgrupper i alle delar av kommunen
- sikre at kommunale bustadar gjer verdige buforhold
- bidra til at kommunen er i forkant og regulerer tomter og bustadområde i heile kommunen, med fokus på husbygging framfor fritidsbustadar
- sikre god drift og riktig bruk av kommunale bygg og husvære
- styrke kollektivtilbodet internt i kommunen, til nabokommunar og dei store sentra
- sikre tettare oppfølging av bu- og driveplikt
- arbeide for meir forpliktande reguleringsføresegner og estetiske vurderingar i byggesaker

Arbeidsliv og næringsliv

Vi treng både private og offentlege arbeidsplassar for at Fjaler skal ha levande bygder som ivaretek ressursane i samfunnet vårt. Difor vil Fjaler SV

- sikre bærekraftig jord- og skogbruk
- at Fjaler kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar med heiltidsstillingar, godt arbeidsmiljø og trygge velferdsordningar

- auke talet kommunale lærlingplassar og tilrettelegge for kompetanseheving
- bidra til auka rekruttering for å sikre dei offentlege tenestene
- jobbe for samarbeid og god dialog mellom kommune og næringsliv
- bidra til å sikre utvikling av ny grøn/berekraftig næring på Lutelandet

Natur og miljø

Vi vil nytte og verne om naturressursane våre på ein bærekraftig måte, også for generasjonane som kjem etter oss. Difor vil Fjaler SV

- seie nei til store inngrep som vindindustri i fjellheimen
- balansere omsynet til bruk og vern av naturressursane
- sikre matjorda som er avgjerande for vår felles framtid
- støtte opp under arbeid med krematorium i Sunnfjord kommune
- sikre gode vilkår for villaksen ved å krevje rømmings- og utsleppsfrie oppdrettsanlegg
- vidareføre streng regulering av motorferdsle i utmark og på sjøen, for å sikre friluftsliv og rekreasjonsverdiar/naturopplevingar

Kultur

Deltaking i kultur og fritidstilbod er ein viktig arena for inkludering. Difor vil Fjaler Sv

- legge til rette for eit variert fritidstilbod til alle i heile kommunen
- sikre gode ordningar for transport, lån av utstyr og anna støtte slik at alle som ønsker det kan delta på kultur- og fritidsaktivitetar i nærmiljø og kommunesenter
- styrke kulturskuletilbodet i grendene
- støtte opp under frivillige lag og organisasjonar
- legge til rette for rekreasjonsmoglegheiter og fysisk aktivitet for alle innbyggjarane i eige nærmiljø